

### Særs gode tider i Fjordalangs!

Rekordane til **Urige Buta** i Fjordalangs vart sette i 2007. Løypa er kontrollmålt og godkjent av Kondis og NFIF. 10km med fleire seige motbakker passerte Urige Arado Buta, Haugesund IL på 30.59! Halvmaraton på 1.05.14 altså 25 sekund betre enn NM halmaraton i Fredrikstad i år, der han lenge vart pressa av sterke Dabaia Dabhaso . Og enno hadde han "Fyttigrisen" igjen, nemleg dei siste 4.7km inn til Etne Stadion. Rekorden til mange gonger norsk meister, Knut Erik Rame vart slått med så mykje som 2min og 46 sekund! Ein rekord som Karl Johan Rasmussen hadde prøvd seg på, men ikkje klart!

Dei tre beste tidene etter 20 løp (Skånevik - Etne 25.82 km):

	10km:	1/2-maraton:	Fjordalangs:
1. Urige Arado Buta, Haugesund IL	30.59	1.05.14	1.20.13
2. Knut Erik Rame Gjesdal IL	32.20	1.07.50	1.22.59
3. Karl J. Rasmussen, Haugesund IL	32.18	1.08.29	1.23.42

Kvinner:

1. Vigdis Holst, GTI-Stavanger	38.04	1.21.08	1.39.09
2. Irene Gulli, Hallingdal FIK	38.15	1.21.35	1.39.57
3. Wenche L. Kvæven, GTI-Stav.	39.54	1.24.36	1.44.20

### "Fyttigrisen" er:

Her på Vestlandet når me skal ta litt sterkt i på noko som er/har vore vanskeleg, seier ein ofte "Fyttigrisen". Når du kjem til 1/2-maraton og du har nesten 5km att, tenkjer nokon: å fyttigrisen! Difor set me opp resultat også på dei siste 4.7km frå halvmaraton og inn til mål. I år vil raskaste kvinnelege og mannlege fyttigris få ei fin, liten ekstra premie. I teorien vil den som kjem sist i mål kunne vinna denne premien... Velkomen!